



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 95

(2008–2009)

Om lov om endringer i skatte- og
avgiftslovgivinga mv.

Innhold

1	Innleiing	5	6	Skattefritak for Eksportutvalget for fisk AS	16
2	Reiarlagsskatteordninga – lemping i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit	6	6.1	Innleiing og bakgrunn	16
2.1	Innleiing	6	6.2	Vurderingar og forslag frå departementet	16
2.2	Bakgrunn	6	6.3	Iverksetjing	16
2.3	Vurderingar og forslag frå departementet	7	7	Tre prosent-regelen i fritaksmetoden – nekting av frådrag (kredit) for utanlandsk skatt	17
2.4	Økonomiske og administrative følgjer .	9	8	Endring i dokumentavgiftslova	18
2.5	Iverksetjing	9	8.1	Dokumentavgiftsgrunnlag ved innløysing av festetomter etter tomtefesteinstruksen	18
3	Skatterettsleg handsaming av ansvar for kostnader til disponering av innretningar i petroleumsværksemd	10	9	Oppheving av særlege reglar om avrunding	19
3.1	Innleiing	10	10	Frådrag for pengegaver til frivillige organisasjonar	20
3.2	Bakgrunn	10	11	Oppretting av feil og klargjering av lovtekst	21
3.3	Vurderingar og forslag frå departementet	11	11.1	Skattelova	21
3.4	Iverksetjing	11	11.2	Eigedomsskattelova § 28	22
3.5	Økonomiske og administrative følgjer .	11	11.3	Skattebetalingslova	23
4	Oppheving av petroleumsskattelova § 9	12	11.4	Tollova	23
4.1	Innleiing	12	11.5	Særavgiftslova § 7	24
4.2	Gjeldande rett	12			
4.3	Høyring	12			
4.4	Vurderingar og forslag frå departementet	12			
4.5	Økonomiske og administrative følgjer .	13			
4.6	Iverksetjing	13			
5	Konsernbidrag for særskattepliktige selskap	14			
5.1	Innleiing	14			
5.2	Bakgrunn og gjeldande reglar	14			
5.3	Vurderingar og forslag frå departementet	14			



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 95

(2008–2009)

Om lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

*Tilråding frå Finansdepartementet av 15. mai 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram forslag til:

- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
- lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane
- lov om endringer i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endring i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift
- lov om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
- lov om endringer i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringer i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)

I proposisjonen inngår:

- Forslag til endring i reiarlagsskatteordninga – lemping i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit
- Forslag til skatterettsleg handsaming av ansvar for kostnader til disponering av innretningar i petroleumsverksemd
- Forslag om oppheving av petroleumsskattelova § 9
- Forslag til endring av reglane om konsernbidrag for særskattepliktig selskap
- Forslag om skattefritak for Eksportutvalget for fisk AS
- Forslag til endring av tre prosent-regelen i fritaksmetoden – nekting av frådrag (kredit) for utanlandsk skatt
- Forslag til endring i dokumentavgiftslova
- Forslag om oppheving av særlege regler om avrunding
- Forslag til endring av reglane om frådrag for pengegåver til frivillige organisasjonar.
- Forslag til oppretting av feil og klargjering av lovtekst

2 Reiarlagsskatteordninga – lemping i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit

2.1 Innleiing

Ved lov 14. desember 2007 nr. 107 vart det vedteke endringar i den særskilte skatteordninga for reiarlagselskap, med verknad frå og med inntektsåret 2007. Endringane gjekk mellom anna ut på innføring av endeleg fritak for skatt på inntekter frå skipsfartsverksemd, samt ei utviding av kva slags verksemd selskapa kan drive.

Selskap med skattekredittar frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga kan ikkje yte lån til eller stille sikkerheit til fordel for skattytarar utanfor ordninga med direkte eller indirekte eigarinteresser i selskapet, selskap som slik skattytar har direkte eller indirekte eigarinteresser i eller til skattytarens nærstående, jf. overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Departementet foreslår ei lemping i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit. Forslaget inneber at reiarlagselskap med skattekredittar frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga kan stille sikkerheit til fordel for selskap utanfor ordninga med direkte eller indirekte eigarinteresser i reiarlagselskapet, og selskap som slikt selskap har direkte eller indirekte eigarinteresser i. Sikkerheita må stillast til ein finansinstitusjon. Forslaget gir ikkje reiarlagselskapa høve til å stille sikkerheit til fordel for fysiske personar med direkte eller indirekte eigarinteresser i selskapet, eller til nærstående til slike fysiske personar, som til dømes foreldre, ektefelle og barn.

Forbodet mot å yte lån vidareførast uendra. Forbodet gjeld ikkje for regresskrav som skyldast at ei tidlegare stilt sikkerheit er blitt gjort gjeldande av ein kreditor.

2.2 Bakgrunn

Det vart ved lov 14. desember 2007 nr. 107 vedteke endringar i den særskilte skatteordninga for reiarlagselskap, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) og Innst. O. nr. 1 (2007–2008). Endringane trådte i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2007. Omlegginga gjekk mellom anna ut på å innføre endeleg fritak for

skatt på inntekter frå skipsfartsverksemd. I tillegg vart det opna for at selskapa kunne drive strategisk og kommersiell leiing av egne og innleigde skip, samt anna verksemd med nær tilknytning til sjøtransportverksemda.

Den tidlegare reiarlagsskatteordninga var basert på ein uttaksmodell, det vil seie at skipsfartsinntekter vart skattlagt når ikkje skattlagt kapital vart teke ut av reiarlagsskatteordninga. Dette innebar ein betydeleg skattekreditt, og gav selskapa til driv til å gjere skjulte uttak. For at uttaksmodellen skulle fungere etter formålet, var det viktig at regelverket fanga opp alle formar for uttak. Selskapa hadde difor ikkje høve til å yte lån til eller stille sikkerheit til fordel for skattytarar utanfor reiarlagsskatteordninga med direkte eller indirekte eigarinteresser i selskapet, jf. den tidlegare skattelova § 8-12. Tilsvarende gjaldt for lån til eller sikkerheit til fordel for selskap som slik skattytar hadde direkte eller indirekte eigarinteresser i, eller til skattytarens nærstående. Som nærstående vart rekna skattytarens foreldre, ektefelle, foreldre til ektefelle, barn, barnebarn, sambuar eller foreldre til sambuar.

Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit skulle mellom anna hindre at aksjonærar utanfor reiarlagsskatteordninga i røynda disponerte over ikkje skattlagde skipsfartsinntekter i selskapet, jf. Ot.prp. nr. 11 (1996–1997) side 27. Som følge av forbodet fekk aksjonærane berre tilgang til ikkje skattlagt kapital ved uttak frå selskapet, til dømes ved utbyttingar. Uttak medførte i den tidlegare reiarlagsskatteordninga (til skilnad frå det å yte lån eller stille sikkerheit) at ikkje skattlagt kapital vart skattlagt hos selskapet. I tillegg kunne det vere vanskeleg for likningsmyndighetene å kontrollere om ein låneavtale eller ei sikkerheit var reell, og inngått på vilkår som var gjengs i marknaden.

I samband med omlegginga av reiarlagsskatteordninga vart det vedteke overgangsreglar for selskap som vart likna innanfor den tidlegare reiarlagsskatteordninga, fordi desse kunne ha opparbeida betydelege skattekredittar. Overgangsreglane gjekk ut på ei gradvis oppløysing av skattekredittane per 1. januar 2007. To tredjedelar av utrekna, ikkje skattlagd gevinst skulle først på ein oppgjær-

skonto som skal førast til inntekt over 10 år, mens ein tredjedel av gevinsten er fritatt for skatt i den grad eit tenkt skattebeløp knytt til denne ikkje blir brukt til kvalifiserande miljøtiltak. Desse selskapa kan difor framleis ha skattekredittar, men skattekredittane vil bli gradvis redusert.

Det vart ved omlegginga av reiarlagsskatteordninga vurdert om forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit skulle avviklast, men det vart konkludert med at forbodet skulle vidareførast, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) punkt 3.4.3.4. Grunngevinga for å oppretthalde eit generelt forbod mot lån og sikkerheit knytte seg hovudsakeleg til skattekredittane frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga. Det vart mellom anna vist til at ei avvikling av forbodet kunne føre til ulike tilpassingar, samt medføre problem med omsyn til mislighald av skattekredittane ved overgang til ny reiarlagsskatteordning.

Ved lov 12. desember 2008 nr. 99 vart det likevel vedteke å oppheve forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit for selskap som ikkje har skattekredittar frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga, det vil seie selskap som trådte inn i reiarlagsskatteordninga frå ordinær skattlegging i 2007 eller seinare inntektsår, samt selskap som vart likna innanfor den tidlegare reiarlagsskatteordninga men som ikkje har skattekredittar. I Ot.prp. nr. 1 (2008–2009) punkt 7.2.2 vart opphevinga, samt vidareføringa av forbodet for selskap med skattekredittar grunnjevne såleis:

«Hensyn som talar mot å avvikle forbodet mot lån og sikkerhetsstillelse knytter seg til at aksjonærene kan disponere over skattekredittene fra den tidligere rederiskatteordningen gjennom lån og sikkerhetsstillelser. Disse hensynene gjør seg ikke gjeldende i den grad det er beskattet kapital eller skipsfartsinntekter som er endelig fritatt for skatt som lånes ut eller benyttes som sikkerhet. Begrunnelsen for forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse gjør seg således ikke gjeldende for til selskaper som trådte inn i rederiskatteordningen fra ordinær beskatning i 2007, eller som trer inn i ordningen i senere inntektsår. Tilsvarende gjelder for selskaper som ble lignet innenfor den tidligere rederiskatteordningen, men som ikke har skattekreditter (for eksempel fordi selskapet hadde underskudd). I forhold til disse selskapene, isolert sett, er det således ikke grunn til å opprettholde forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse.

For selskaper med skattekreditter fra den tidligere ordningen vil forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse fortsatt ha relevans, da det foreligger et incitament for aksjonærene mv. til å disponere over den ubeskattede kapitalen ved lån og sikkerhetsstillelse fremfor å ta den ut

som utbytte. Behovet for regelen vil imidlertid bli gradvis redusert frem mot utgangen av inntektsåret 2021.

Det var en klar forutsetning ved omleggingen av rederiskatteordningen at skattekredittene ikke skulle kunne deles ut eller disponeres av eierne uten beskatning. Departementet vil derfor ikke foreslå å avvikle forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse for alle selskaper innenfor rederiskatteordningen, blant annet fordi det åpner for at aksjonærene kan disponere over skattekredittene fra den tidligere rederiskatteordningen. I tillegg vil en avvikling av låneforbudet føre til at ligningsmyndighetene må sette inn ressurser for å kontrollere om lån og sikkerhetsstillelser er reelle, eller om det i realiteten dreier seg om et utbytte (for eksempel lån aksjonæren ikke har til hensikt å betale tilbake).

Etter departementets oppfatning kan selskaper underlagt rederiskattereglene ha behov for fleksibilitet i finansieringen og likviditetsstyringen som en adgang til å yte lån og gi sikkerhet åpner for. I tillegg kan forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse vanskeliggjøre en inntreden i ordningen fra ordinær beskatning for selskap som har ytt lån eller stilt sikkerhet i strid med forbudet i skatteloven § 8-12.

Departementet foreslår derfor at forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse avvikles for selskap innenfor rederiskatteordningen som ikke har skattekreditter fra den tidligere rederiskatteordningen. For selskap med skattekreditter skal forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse videreføres uendret.»

Endringa vart gjennomført ved at forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit i skattelova § 8-12 vart oppheva, og at det i overgangsreglane som vart vedteke ved omlegginga av reiarlagsskatteordninga blei tatt inn eit forbod mot å yte lån og stille sikkerheit med same innhald som dagjeldande skattelova § 8-12, jf. tiande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107. Forbodet i overgangsreglane gjeld for selskap innanfor reiarlagsskatteordninga med skattekredittar frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga.

2.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Selskap innanfor reiarlagsskatteordninga med skattekredittar frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga kan ikkje yte lån eller stille sikkerheit til fordel for skattytarar utanfor reiarlagsskatteordninga med direkte eller indirekte eigarinteresser i selskapet, jf. overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8-

14, 8-15 og 8-17 vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107. Tilsvarende gjeld for lån til eller sikkerheit til fordel for selskap som slik skattytar har direkte eller indirekte eigarinteresser i, eller til skattytarens nærstående. Som nærstående reknast skattytarens foreldre, ektefelle, foreldre til ektefelle, barn, barnebarn, sambuar eller foreldre til sambuar.

Forbudet mot å stille sikkerheit gjeld uavhengig av om lånet det skal stillast sikkerheit for er ytt av ein kvalifiserande finansinstitusjon, eller andre institusjonar eller selskap som ikkje til vanleg driv med utlånsverksemd.

Stortingets presidentskap vart i brev av 20. januar 2009 orientert om at finansministeren ville foreslå ei lemping i forbudet mot å stille sikkerheit. I brevet vart det gitt følgjande grunngeving for forslaget:

«Forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse kan medføre redusert fleksibilitet med hensyn til finansiering og likviditetsstyring for selskap med skattekreditter fra den tidligere rederiskatteordningen, da de blant annet ikke kan stille sikkerhet til fordel for lån til nærstående (for eksempel et morselskap). Selskapene vil også opptjene skipsfartsinntekter innenfor den nye rederiskatteordningen som er endelig fritatt for skatt, og som det derfor ikke vil oppstå skattekreditter knyttet til. Forbudet hindrer at selskapene kan anvende disse inntektene som grunnlag for lån og sikkerhetsstillelser. I tillegg vil skattekredittene reduseres over tid som følge av inntektsføringen (og investering i miljøtiltak mv.), slik at hensynene bak forbudet vil bli gradvis redusert.

Jeg har derfor kommet frem til at jeg vil foreslå en lemping i forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse, som innebærer at det åpnes for sikkerhetsstillelse til fordel for nærståendes lån (og fordringer på nærstående som oppstår som følge av slik sikkerhetsstillelse). Forbudet mot lån til nærstående (som ikke oppstår på grunn av forutgående sikkerhetsstillelse) opprettholdes. Jeg vil vurdere nærmere om det skal stilles krav om at sikkerhetsstillelsen må skje i forbindelse med lån fra en kvalifisert finansieringsinstitusjon, dvs. at sikkerheten også må stilles overfor slik institusjon. I slike tilfeller vil risikoen for tilpasninger som omtalt ovenfor trolig være liten.

Forslaget vil kunne bedre kredittilgangen i rederiene, samtidig som tilpasningsmulighetene er begrenset. Selskapene får dermed økt fleksibilitet i finansieringen og likviditetsstyringen, ved at selskapene kan anvende ubeskattet kapital som grunnlag for sikkerhetsstillelser. Dette kan gi selskapene anledning til å reformhandle allerede inngåtte låneavtaler og sikker-

hetsstillelser, med sikte på å oppnå gunstigere vilkår og lavere lånekostnader.»

Departementet legg til grunn at reiarlagselskapa som hovudregel vil finansiere skipsfartsverksemda med lån frå finansinstitusjonar. Det kan vere naudsynt at nærstående reiarlagselskap stiller sikkerheit for slike lån, mellom anna for å få gode lånevilkår. Det gjeldande forbudet mot å stille sikkerheit kan difor føre til redusert fleksibilitet med omsyn til finansiering og likviditetsstyring. Departementet finn at behovet for å stille sikkerheit ikkje vil vere like stort ved lån frå andre institusjonar og selskap, som til dømes eit konsernforbunde selskap som ikkje til vanleg driv utlånsverksemd.

Vidare meiner departementet at risikoen for tilpassingar er lågare når sikkerheita må stillast i samband med eit lån frå ein finansinstitusjon, fordi også sikkerheita må stillast overfor finansinstitusjonen.

Som kvalifiserande finansinstitusjon skal reknast finansinstitusjon som har konsesjon til å yte kreditt etter lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsverksemd og finansinstitusjonar, eller tilsvarende finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt i ein annan stat. Dette vil etter departementet si oppfatning gje ei hensiktsmessig avgrensing mot føretak som ikkje til vanleg driv utlånsverksemd.

Departementet meiner det ikkje bør vere høve til å stille sikkerheit til fordel for fysiske personar med direkte eller indirekte eigarinteresser i reiarlagselskapet, eller til nærstående til slike fysiske personar, som til dømes foreldre, ektefelle og barn. Høve til å stille sikkerheit i slike tilfeller vil ikkje gje selskapa auka fleksibilitet med omsyn til finansiering og likviditetsstyring, då sikkerheita vanlegvis ikkje vil vedkomme selskapets verksemd, eller verksemda i anna konsernforbundet selskap, som til dømes eit morselskap eller søsterselskap.

Forbudet mot å yte lån vidareførast uendra. Forbudet gjeld ikkje regresskrav som skyldast at ei tidlegare stilt sikkerheit er blitt gjort gjeldande av ein kreditor.

Departementet foreslår etter dette å endre overgangsreglane til omlegginga av reiarlagsskatteordninga, slik at reiarlagselskap med skattekredittar frå den tidlegare reiarlagsskatteordninga kan stille sikkerheit til fordel for nærstående selskap utanfor ordninga, dersom sikkerheita stillast for eit lån ytt av ein kvalifiserande finansinstitusjon.

Reiarlagsskatteordninga inneber ein økonomisk fordel for selskapa i form av skattefritak for laupande skipsfartsinntekter og gevinstar ved sal av driftsmidlar o.a. Den økonomiske fordelten skattefritaket inneber er offentleg støtte, jf. EØS-avtalen

artikkel 61. Som hovudregel må alle offentlege støttetiltak notiserast til EFTAs overvakningsorgan (ESA), og kan ikkje setjast i verk før tiltaket er godkjend av ESA. Plikten til å notisere gjeld både for nye støtteordningar og endringar i eksisterande støtteordningar.

Lempinga i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit vart notisert til ESA 17. februar 2009, og ESA vedtok 31. mars 2009 å godkjenne endringane.

Departementet viser til forslag til endringar i tiande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

2.4 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet legg til grunn at dei økonomiske og administrative følgjene av forslaget er små.

For selskap innanfor reiarlagsskatteordninga

med skattekredittar frå den tidlegare ordninga vil forslaget gi økt fleksibilitet i finansieringa og likviditetsstyringa, ved at dei kan bruke ikkje skattlagt kapital som grunnlag for å stille sikkerheit til fordel for nærstående. Dette kan gje selskapa høve til å forhandle fram endringar i gjeldande låneavtalar og sikkerheiter, med sikte på å oppnå gunstigare vilkår og lågare lånekostnader.

2.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2009.

3 Skatterettsleg handsaming av ansvar for kostnader til disponering av innretningar i petroleumsverksemd

3.1 Innleiing

I Ot.prp. nr. 48 (2008-2009) foreslår Olje- og energidepartementet endringer i petroleumslova som inneber at deltakar som overdreg del i eit utvinningsløyve, blir subsidiært økonomisk ansvarleg for kostnader til å gjennomføre eit framtidig vedtak om disponering av innretning brukt i petroleumsverksemd. Det subsidiære ansvaret for den tidlegare eigaren er avgrensa til kostnader ved gjennomføringa av disponeringsvedtaket etter frådrag for skatteverdien av kostnadene. Olje- og energidepartementet sitt forslag byggjer på ein føresetnad om at tidlegare eigar ikkje skal ha rett til skattefrådrag for utbetaling knytt til det subsidiære ansvaret, og at det mottekne oppgjeret ikkje skal være skattepliktig inntekt for dei andre deltakarane. Det er fordi sjølve ansvarsbeløpet er rekna som ein «etter skattverdi», sidan verdien av frådrag for kostnaden ved inntektslikninga for deltakaren som har dekt kostnaden ikkje er med i kravet til den tidlegare eigaren. Finansdepartementet foreslår her endringer i petroleumsskattelova § 3 ny bokstav j i samsvar med føresetnadene om skatterettsleg handsaming i Ot.prp. nr. 48 (2008–2009).

3.2 Bakgrunn

Lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumslova) kapittel 5 inneheld reglar om avslutting av petroleumsverksemd på norsk sokkel. Etter petroleumslova § 5-3, jf. § 5-1, kan Olje- og energidepartementet mellom anna fastsetje vedtak om disponering av innretningar når verksemda på feltet blir avslutta.

Deltakar og eigar er ansvarleg for at vedtak om disponering blir gjennomført, jf. petroleumslova § 5-3 andre ledd. Deltakarane i eit utvinningsløyve er prinsipalt proratarisk, subsidiært solidarisk ansvarleg for deltakargruppa sine skyldnader, jf. samarbeidsavtalen artikkel 7.

I Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) foreslår Olje- og energidepartementet endringer i petroleumslova. Forslaget til petroleumslova § 5-3 nytt tredje ledd

inneber at deltakar som overdreg del i eit utvinningsløyve blir subsidiært økonomisk ansvarleg for kostnader ved å gjennomføre eit framtidig disponeringsvedtak knytta til den overdregne eigardelen. Sjå Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) punkt 2.5, 3.5 og 6.5 for ei nærmare utgreiing av lovforslaget.

I Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) punkt 6.5 skriv Olje- og energidepartementet mellom anna om forslaget:

«Rettighetshaver og eier er i henhold til annet ledd ansvarlig for at vedtak om disponering blir gjennomført. Dersom en eller flere av disse ikke er i stand til å innfri sine forpliktelser kan de gjenværende rettighetshaverne kreve at en tidligere rettighetshaver som har overdratt hele eller deler av sin andel etter at denne bestemmelsen trådte i kraft, innfrir sine forpliktelser i henhold til bestemmelsen. De gjenværende rettighetshavere må først uttømme de muligheter som samarbeidsavtalen gir for innkalling av midler før det subsidiære ansvaret kan gjøres gjeldende.

Det subsidiære ansvaret for tidligere rettighetshaver er et økonomisk ansvar. Det anses ikke praktisk å pålegge tidligere rettighetshaver et ansvar for å gjennomføre vedtak om disponering da tidligere rettighetshaver ikke nødvendigvis lenger har en relevant organisasjon.»

Etter forslaget til petroleumslova § 5-3 nytt tredje ledd tredje punktum skal det subsidiære ansvaret for den tidlegare deltakaren være avgrensa til kostnader ved gjennomføringa av disponeringsvedtaket etter frådrag for skatteverdien av kostnadene. I Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) punkt 2.5 skriv Olje- og energidepartementet om dette:

«Disponeringskostnadene for de gjenværende rettighetshavere vil være fradragsberettigede eller fremførbare i tråd med de alminnelige skatteregler for virksomheten. Staten vil således bære den vesentligste del av disponeringskostnadene. Tilsvarende vil kostnadene knyttet til garantistillelse som må forventes etablert mellom partene som følge av et slikt vilkår, i stor grad belastes staten. Både industrien og staten har således en interesse av at slike garantikostnader ikke blir unødvendig høye. Dersom

det subsidiære ansvaret begrenses til «etter skatt»-kostnaden vil kostnadene knyttet til garantier reduseres vesentlig. Departementet har på denne bakgrunn kommet til at det subsidiære ansvaret for tidligere rettighetshaver skal begrenses til den fremtidige netto disponeringskostnad etter fradrag for skatteverdien av kostnadene.

Forslaget om å begrense det subsidiære ansvaret til «etter skatt»-kostnaden av disponeringen, bygger på en forutsetning om at det ikke gis skattemessig fradrag for utbetaling knyttet til det subsidiære fjerningsansvaret. Tilsvarende forutsettes at mottatt oppgjør iht. dette ansvaret ikke anses som skattepliktig inntekt. En slik skattemessig behandling av oppgjøret knyttet til det subsidiære ansvaret innebærer en endring i petroleumsskatteloven som departementet legger til grunn vil bli vurdert og fremmet i løpet av våren 2009. Utover dette innebærer ikke endringen noen særskilt skattemessig behandling av kostnadene knyttet til gjennomføring av disponeringsvedtaket.»

3.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Kostnader til å gjennomføre eit disponeringsvedtak etter petroleumsløva kapittel 5 blir normalt tilordna deltakarane etter eigardel i utvinningsløyvet. Deltakar sin del av disponeringskostnadene kjem til frådrag i grunnlaget for særskatt og alminneleg inntekt etter dei generelle reglane i skattelova og petroleumsskattelova.

Det subsidiære ansvaret for den tidlegare eigaren etter forslaget til petroleumsløva § 5-3 nytt tredje ledd er avgrensa til kostnader som er knytt til gjennomføringa av disponeringsvedtaket etter frådrag for skatteverdien av desse kostnadene, sjå Ot.prp. nr. 48 (2008–2009). Forslaget forutset at kostnader som den tidlegare eigaren har til å dekkje det subsidiært økonomiske ansvaret ikkje skal kome til frådrag for skatteformål. Ei slik løysing kan til døme være praktisk når kravet bli fremma mot ein tidlegare eigar som ikkje lenger er skattepliktig til Noreg. Vidare byggjer forslaget på at dei

andre deltakarane ikkje skal være skattepliktig for det mottokne oppgjeret.

I samsvar med det som er lagt til grunn i Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) foreslår departementet at kostnader til å dekkje eit subsidiært økonomisk ansvar etter petroleumsløva § 5-3 nytt tredje ledd ikkje skal kome til frådrag i alminneleg inntekt og i grunnlaget for særskatt, sjå forslag til § 3 ny bokstav j første punktum i petroleumsskattelova.

Vidare foreslår departementet at oppgjer frå tidlegare eigar etter petroleumsløva § 5-3 nytt tredje ledd ikkje skal gå inn i grunnlaget for særskatt og alminneleg inntekt for deltakarane som mottok oppgjeret. Departementet viser til forslag til petroleumsskattelova § 3 ny bokstav j andre punktum.

Utover dette skal kostnader til å gjennomføre eit disponeringsvedtak bli behandla etter dei alminnelege skattereglane.

Forslaget her forutset at Stortinget slutter seg til forslaget i Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) om nytt tredje ledd i petroleumsløva § 5-3.

3.4 Iverksetjing

Forslaget til nytt tredje ledd i petroleumsløva § 5-3 skal gjelde for overføringar av utvinningsløyve som blir godkjend etter at lovendringane trer i kraft, jf. Ot.prp. nr. 48 (2008–2009) punkt 6.5. Endringane i petroleumsløva § 5-3 trer i kraft frå den tid Kongen fastset.

Dei tilhørande skatteendringane bør gjerast verknad frå og med same tidspunkt. Departementet foreslår at endringa i petroleumsskattelova skal gjelde frå den tid departementet fastset.

3.5 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet foreslår at tidlegare deltakarar ikkje får rett til skattefrådrag for krav etter den nye regelen i petroleumsløva. Deltakargruppa skal ikkje skattleggjast for slik inntekt. Endringane vil ikkje ha provenymessige konsekvensar for staten.

4 Oppheving av petroleumsskattelova § 9

4.1 Innleiing

Petroleumsskattelova § 9 opnar for at departementet kan gje samtykke til at ein skattepliktig heilt eller delvis overfører eigne skatteposisjonar til ein annan skattytar, og at gevinst ved ei slik overføring heilt eller delvis er fritatt frå inntektsskatt. Etter gjeldande rett dekkjer petroleumsskattelova § 10 alle tilhøva som petroleumsskattelova § 9 omfattar. I tillegg ønskjer departementet at samtykker som blir gitt skal byggje på dei same prinsippa om skattemessig nøytralitet som ligg i botnen for samtykker etter petroleumsskattelova § 10. Difor er petroleumsskattelova § 9 overflødig, og departementet foreslår å fjerne føresegna.

4.2 Gjeldande rett

Petroleumsskattelova § 9 første ledd opnar for at departementet kan gje samtykke til at ein skattepliktig heilt eller delvis overfører eigne skatteposisjonar til ein annan skattytar. Departementet kan også samtykkje i at gevinst ved ei slik overføring heilt eller delvis er fritatt frå inntektsskatt. Overføringa må vere eit ledd i ei reorganisering der verksemda til den skattepliktige blir overført til eit norsk aksjeselskap eller allmennaksjeselskap som høyrer til i utlandet, og som ikkje driv anna verksemd enn gjennom ein filial i Noreg. Skattytarar som driv særskattepliktig verksemd er dei einaste som kan få eit slikt samtykke. Departementet kan setje vilkår for samtykket.

Etter petroleumsskattelova § 9 andre ledd kan deltakarar i kommandittselskap som driv særskattepliktig verksemd, og som ønskjer å drive verksemda gjennom eit aksjeselskap eller eit allmennaksjeselskap, søkje departementet om fritak frå visse føresegner i skattelovgjevinga. Departementet kan setje vilkår for samtykket.

4.3 Høyring

Forslaget om å fjerne petroleumsskattelova § 9 blei sendt på høyring i desember 2008, saman med forslaget om å regulere samtykker etter petroleumsskattelova § 10 i forskrift. Fristen for merknader var 18. mars 2009. Departementet fekk berre merknader frå Oljeindustriens Landsforening. Ingen av merknadene gjaldt forslaget om å fjerne petroleumsskattelova § 9.

skattelova § 10 i forskrift. Fristen for merknader var 18. mars 2009. Departementet fekk berre merknader frå Oljeindustriens Landsforening. Ingen av merknadene gjaldt forslaget om å fjerne petroleumsskattelova § 9.

4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Før 1972 kunne ein norsk filial i eit utenlandsk føretak få utvinningsløyve på norsk kontinentalsokkel (føretak som høyrer heime i eit EØS-land kan få utvinningsløyve også etter dei reglane som gjeld no). Skattekontrollen var vanskeleg når dei utanlandske føretaka hadde aktivitet både i Noreg og i utlandet, eventuelt med avdelingar i fleire land. Difor ønskte styresmakta at alle føretak som hadde utvinningsverksemd på norsk sokkel skulle drive verksemda gjennom eit norsk aksjeselskap eller norske filialar av utanlandske føretak med avgrensa formål (såkalte «single purpose»-føretak). For at skattereglane ikkje skulle hindre ei ønska reorganisering, blei det innført ei ordning med samtykke for skattefri overføring av ein skilde skatteposisjonar mellom føretaka etter petroleumsskattelova § 9 første ledd. Føresegna blei innført ved lov 8. juni 1984 nr. 50.

I Ot.prp. nr. 61 (1986–1987) om overføring av løyver på kontinentalsokkelen, hevda departementet at det ikkje var grunn til å endre petroleumsskattelova § 9 første ledd eller å inkorporere den i ei ny føresegn. Det gjaldt sjølv om det var nær samanheng mellom petroleumsskattelova §§ 9 og 10. Departementet peika på at § 9 hadde fungert godt så langt, og at skatteforvaltninga kunne ha vanskar med å sjekke at vilkåra for tildelte løyver blei fulgt viss føresegna blei fjerna. Petroleumsskattelova § 9 var også ei tid einaste heimelen for å lempe skattlegginga, medan andre føresegner berre opna for å setje vilkår. Etter gjeldande rett er lemping også heimla i petroleumsskattelova § 10.

Petroleumsskattelova § 9 andre ledd opnar for at deltakarar i kommandittselskap som driv særskattepliktig verksemd og som ønskjer å endre føretaket til eit aksjeselskap eller eit allmennaksjeselskap, kan søkje departementet om fritak frå visse

føresegner i skattelovgjevinga. Departementet kan setje vilkår for samtykket.

Andre ledd i petroleumsskattelova § 9 blei innført ved lov 10. juni 1988 nr. 41, på same tid som andre ledd i § 10 kom inn i lova, jf. Ot.prp. nr. 60 (1987–1988). Føresegna i petroleumsskattelova § 9 andre ledd skulle oppmuntre mindre eigarar gjennom kommandittselskap til heller å organisere seg som aksjeselskap. Grunnen var at likninga av deltakarane i dei to siste kommandittselskapa som dreiv utvinningsverksemd på norsk sokkel, var uhøveleg arbeidskrevjande. I dag er det ingen kommandittselskap som driv utvinningsverksemd på norsk kontinentalsokkel, og andre ledd har ikkje lenger nokon meining.

Finansdepartementet meiner at alle tilhøva som kjem under petroleumsskattelova § 9 etter gjeldande rett også er dekt av petroleumsskattelova § 10. Departementet meiner dessutan at alle overføringar bør handsamast på grunnlag av det same prin-

sippet om skattemessig nøytralitet som ligg til grunn for samtykker etter petroleumsskattelova § 10. For å gjere reglane enklare foreslår departementet å fjerne petroleumsskattelova § 9.

Departementet viser til forslag om å oppheve petroleumsskattelova § 9.

4.5 Økonomiske og administrative følger

Oppheving av petroleumsskattelova § 9 får truleg ikkje nokon økonomiske og praktiske følger.

4.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa skal gjelde straks.

5 Konsernbidrag for særskattepliktige selskap

5.1 Innleiing

Etter skatteloven § 10-3 første ledd andre punktum har mottakaren ikkje skatteplikt for den delen av konsernbidraget som givaren ikkje kan trekkje frå avdi det overstig den elles skattepliktige alminnelege inntekta. Dette gjeld ikkje konsernbidrag til eller frå særskattepliktige selskap der givar ikkje kan krevje frådrag etter reglane i skatteloven § 10-2. Slikt konsernbidrag blir dobbelt skattlagt, ved at det er skattepliktig for mottakaren sjølv om det ikkje gir rett til frådrag for givaren.

Omsyna bak reglane om konsernbidrag kan tale for at også konsernbidrag som ikkje gir rett til frådrag på grunn av særreglane for særskattepliktige selskap, burde vere skattefrie hos mottakar. Skilnaden som er oppstått mellom særskattepliktige og andre selskap på dette området synest ugrunna og er neppe tilsikta.

I motsetning til utbytte, er konsernbidrag ikkje omfatta av regelen i skatteloven § 2-38 sjette ledd om inntektsføring av tre prosent av inntekt som er skattefrie etter fritaksmetoden (treprosentregelen). Konsernbidrag kan til ein viss grad nyttast som alternativ til utdeling av utbytte, og konsern kan dermed bruke konsernbidrag til å redusere verknadene av treprosentregelen. Konsern med særskattepliktige selskap, som i praksis ikkje kan gi eller få konsernbidrag, blir dermed hardere ramma av treprosentregelen enn andre konsern.

Departementet foreslår derfor at konsernbidrag til eller frå særskattepliktige selskap, som ikkje gir rett til frådrag, blir skattefrie for mottakaren.

5.2 Bakgrunn og gjeldande reglar

Ordninga med konsernbidrag blei innført ved lov av 21. desember 1979 nr. 63 i § 15 i aksjeskattelova av 19. juni 1969, med verknad frå og med inntektsåret 1979. Hovudsiktemålet var å gjere skattereglane meir nøytrale i valet mellom å organisere verksemda i konsern eller i eitt stort selskap. Konsernbidragsreglane skulle gi konsern høve til å jamne ut resultatata i selskapa i konsernet. Det blei også presisert at skattereglane burde gi konsernet høve

til å gjere investeringar i det selskapet kor dette ut frå ei driftsøkonomisk vurdering var mest ønskeleg.

Eit sentralt omsyn ved innføringa var at konsernbidrag ikkje skulle kunne føre til at skattlegginga etter petroleumsskatteloven blei redusert. Inntekt frå eit skatteområde med høgare skattesatsar skulle ikkje med skattemessig verknad kunne bli overført til eit område med lågare skattesatsar. Konsernbidrag skulle derfor ikkje kunne trekkjast frå i inntekt som blei skattlagt etter reglane i petroleumsskatteloven, jf. Ot.prp. nr. 16 (1979-80) s. 3 og 7.

Aksjeselskap mv. kan yte konsernbidrag til andre selskap i same konsern når morselskapet eig meir enn 90 prosent av aksjane og stemmene i dotterselskapet. Givarselskapet kan krevje frådrag for konsernbidrag som ligg innafor skattepliktig alminneleg inntekt, jf. skatteloven § 10-2 første ledd. Konsernbidrag er som utgangspunkt skattepliktig hos mottakar. Konsernbidrag som givarselskapet ikkje får frådrag for avdi det overstig skattepliktig alminneleg inntekt, er likevel etter skatteloven § 10-3 første ledd andre punktum ikkje skattepliktig hos mottakarselskapet.

Etter andre ledd i skatteloven § 10-2 kan ein ikkje krevje frådrag for konsernbidrag i inntekt som blir skattlagt etter reglane i petroleumsskatteloven. Ein kan heller ikkje krevje frådrag for konsernbidrag til dekning av underskot i særskattepliktig verksemd.

Dersom konsernbidrag til eller frå særskattepliktige selskap likevel blir gitt, gjeld ikkje regelen i skatteloven § 10-3 første ledd andre punktum for slikt konsernbidrag. Dermed har mottakaren i slike tilfelle skatteplikt for konsernbidraget sjølv om givaren ikkje har fått frådrag for det.

5.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Etter skatteloven § 10-3 første ledd andre punktum har mottakaren ikkje skatteplikt for den delen av konsernbidraget som givaren ikkje kan trekkje frå avdi det overstig den elles skattepliktige alminnele-

ge inntekta. Ordlyden i bestemmelsen omfattar ikkje konsernbidrag til eller frå særskattepliktige selskap der givar ikkje kan krevje frådrag etter reglane i skatteloven § 10-2.

Skatteloven § 10-3 første ledd andre punktum fikk sin noverande ordlyd frå og med inntektsåret 2000. I forarbeida til lovendinga er vurderinga berre knytta opp til konsernbidrag som ikkje gir rett til frådrag avdi det overstig givarselskapet sitt overskot. Det blei ikkje vurdert om unntaket frå skatteplikt også skulle gjelde for konsernbidrag som givarselskapet ikkje får frådrag for på grunn av reglane i § 10-2 noverande andre ledd om særskattepliktige selskap, jf. Ot.prp. nr. 1 (1999-2000) avsnitt 3.1.

Omsyna bak reglane om konsernbidrag kan tale for at også konsernbidrag som ikkje gir rett til frådrag på grunn av særreglane for særskattepliktige selskap, burde vere skattefrie hos mottakar. Omsyna til nøytralitet i valet mellom å organisere verksemda i konsern eller i eitt stort selskap og å kunne investere i det selskapet kor dette ut frå ei forretningsmessig vurdering er mest ønskjeleg, gjeld også for konsern med særskattepliktige selskap.

Bakgrunnen for særreglane om særskattepliktige selskap er å hindre at inntekt frå eit område med høge skattesatsar med skatteverknad skal kunne overførast til eit område med lågare skattesats. Dette omsynet kan ikkje grunngi at konsernbidrag til og frå særskattepliktige selskap, som ikkje gir rett til frådrag, er skattepliktig for mottakaren. Det er derfor vanskeleg å sjå ein god grunn til å handsame konsernbidrag som ikkje gir rett til frådrag på grunn av særreglane om særskattepliktige selskap annleis enn konsernbidrag som ikkje kan trekkjast frå avdi det overstig årets overskot.

Frå 17. oktober 2008 blei det innført ein regel som inneber at tre prosent av aksjeinntekter som er skattefrie etter fritaksmetoden skal inntektsførast (treprosentregelen), jf. skatteloven § 2-38 sjette ledd. Inntektsføringen skal sjåast som ei reversering av tidligare frådratte kostnader som har tilknytning til dei skattefrie aksjeinntektene. Regelen gjeld berre inntekt som er fritatt for skatteplikt etter fritaksmetoden, og dermed ikkje inntekt som er skattefrie etter andre reglar, til dømes reglane om konsernbidrag.

Konsernbidrag kan til ein viss grad nyttast som alternativ til utdeling av utbytte. Selskapsrettsleg gjeld dei same grensene for overføring av konsernbidrag som for utdeling av utbytte. Konsern kan dermed bruke reglane om konsernbidrag til å redusere verknadene av treprosentregelen. Konsern med særskattepliktige selskap kan ikkje på same måte nytte konsernbidrag som alternativ til utbytte. Dei blir dermed hardare ramma av treprosentregelen enn andre konsern.

Departementet foreslår derfor at også konsernbidrag som givaren ikkje får frådrag for på grunn av reglane i skatteloven § 10-2 andre ledd, blir skattefrie for mottakaren. Særskattepliktige selskap vil då kunne gi konsernbidrag i staden for utbytte. Ein viser til utkast til endring i skatteloven § 10-3 første ledd.

Ein foreslår at endringa gis verknad for konsernbidrag som vedtas frå og med 2009.

Sidan overskotet fram til innføringa av treprosentregelen har blitt overført som skattefritt utbytte, vil endringa ikkje ha verknader for provenyet. Etter departementet sine vurderingar vil endringa heller ikkje ha monalege administrative verknader.

6 Skattefritak for Eksportutvalget for fisk AS

6.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår ein eigen regel i skattelova § 2-30 som fritæk Eksportutvalget for fisk AS (EFF AS) frå skattlegging.

EFF AS har som oppgave å drive felles marknadsføring av fisk og sjømat for den norske sjømatnæringa. Fiskeeksportørar skal svare ei årleg fast avgift og ei avgift basert på verdien av eksportert fisk. EFF AS si verksemd er finansiert gjennom denne avgifta.

Ved lov av 17. juni 2005 nr. 80 vart det lagt til rette for omdanning av EFF frå eit offentleg organ underlagt Fiskeri- og kystdepartementet til eit statleg eid aksjeselskap, jf. Ot.prp. nr. 88 (2004–2005). Omdanninga vart gjennomført 1. september 2005.

Før omdanninga til aksjeselskap var EFF omfatta av skattefritaket for statlege innretningar, jf. skattelova § 2-30 første ledd bokstav b. Ein føresetnad ved omdanninga til aksjeselskap var at EFF framleis skulle vere friteken frå skattlegging, jf. Innst. O. nr. 112 (2004–2005) side 5. For å oppfylle denne føresetnaden foreslår departementet at ein tar inn ein eigen regel i skattelova § 2-30 som fritæk EFF AS frå skattlegging.

6.2 Vurderingar og forslag frå departementet

EFF AS er truleg ikkje omfatta av fritaksregelen i skattelova § 2-32 for selskap som ikkje har erverv til formål. Årsaka til dette er at hovedverksemda til EFF AS er å auke verdiskapinga innanfor fiskeri- og havbruksnæringa gjennom auke i etterspørselen av norsk sjømat.

For å ivareta føresetnaden om skattefritak for EFF AS er det derfor etablert ei ordning der utbetaling av avgiftsproveny til EFF AS er tilpassa selskapet sine kostnader. I samband med dette er det etablert eit særskilt utval for forvaltning av avgift på fiskeeksport. Finansdepartementet har likevel funne det tvilsamt om ordninga er eigna til å ivareta føresetnaden om skattefritak for EFF AS.

For å unngå tvil omkring EFF AS si skattemessige stilling har departementet derfor funne det tenleg å foreslå at ein tar inn ein eigen regel om skattefritak for EFF AS i skattelova § 2-30. Dette vil ivareta føresetnaden om skattefritak for EFF AS. Fritaket bør gjelde frå og med 2006.

Departementet viser til forslag til ny nr. 6 i skattelova § 2-30 første ledd bokstav g.

6.3 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2006.

7 Tre prosent-regelen i fritaksmetoden – nekting av frådrag (kredit) for utanlandsk skatt

Fritaksmetoden inneber at aksjeinntekter mv. på visse vilkår er skattefrie for aksjonærar som sjølv er eit selskap. Verkeområdet for fritaksmetoden er nærare avgrensa i skattelova § 2-38. Departementet meiner at kostnader som er knytt til skattefrie inntekter prinsipielt ikkje bør kome til frådrag ved inntektsfastsetjinga. Samstundes er ein klar over at ein regel om å nekte aksjonæren løpande frådrag for kostnader som er knytt til eigarskapen av aksjar, vil gjere det vanskeleg å avgrense mot andre typar kostnader som skal kome til frådrag.

Dette er årsaka til at aksjonæren etter ei særskild føresegn i skattelova § 6-24 har rett til frådrag for kostnader som er knytt til inntekter som er skattefrie etter fritaksmetoden. Med verknad frå 7. oktober 2008 blei det og innført ei føresegn i skattelova § 2-38 sjetle ledd om at tre prosent av alle aksjeinntekter som er skattefrie etter fritaksmetoden, likevel skal inntektsførast. Denne føresegna gjeld for dei skattytarane som er omfatta av skattelova § 2-38 første ledd bokstav a til h, men ikkje for dei som er omfatta av første ledd bokstav i. Det følgjer av forarbeida at inntektsføring med tre prosent av aksjeinntekta er å rekne som ei form for tilbakeføring av kostnader som aksjonæren har fått frådrag for ved den løpande skattleggjinga. Det visast til Ot.prp. nr. 1 (2008–2009) kapittel 6.

Inntekter frå utanlandske aksjer kan vere skattlagde i utlandet i form av kjeldeskatte mv. Dette er vanleg for aksjeutbytte, men kan og hende for aksjegevinstar. Forarbeida omtalte ikkje særskilt om ein utanlandsk skatt på den delen av aksjeinntekta som blir skattlagd i Noreg (tre prosent) kan først til frådrag i norsk skatt etter føresegna i skattelova §§ 16-20 flg.

Etter departementet si oppfatning vil ein slik utanlandsk skatt ikkje gi rett til frådrag (kredit) i norsk skatt etter skattelova §§ 16-20 flg. Ein viser til at føremålet med inntektsføringa berre er å tilbake-

føre eit frådrag som tidlegare er gitt i den norske inntekta til aksjonæren. Ein kan derfor hevde at ei inntektsføring som tilbakefører desse frådraga har norsk kjelde, og såleis ikkje gir rett til frådrag i skatt etter skattelova §§ 16-20 flg. Etter departementet si oppfatning bør utanlandsk skatt på aksjeinntekta heller ikkje gå til frådrag i norsk skatt. Ein viser mellom anna til at det kunne innebere ein fare for at det i praksis blir gitt frådrag for all utanlandsk skatt på eit utbytte eller ein gevinst, sjølv om berre ein liten del (tre prosent) av aksjeinntekta blir skattlagd i Noreg. Etter det departementet kjenner til gir ein heller ikkje frådrag (kredit) for utanlandsk skatt i Tyskland og Frankrike, som har reglar som liknar den norske tre prosent-regelen.

Etter departementet si oppfatning bør løysinga gå direkte fram av skattelova. Ein legg derfor fram forslag om å ta inn ei føresegn i skattelova § 16-20 om at utanlandsk skatt ikkje skal gå til frådrag i norsk skatt på aksjeinntekter som blir skattlagd i Noreg etter skattelova § 2-38 sjetle ledd (tre prosent-regelen). For dei som på anna grunnlag har rett til frådrag (kredit) for utanlandsk skatt etter skattelova §§ 16-20 flg., må følgja vere at inntekta etter skattelova § 2-38 sjetle ledd heller ikkje blir teke med ved utrekninga av det maksimale kreditfrådraget etter skattelova § 16-21. Dette krev etter departementet si vurdering ikkje nokon særskild regulering.

For selskap som oppfyller vilkåra i skattelova § 16-30 er det særskild heimel til å krevje frådrag (kredit) i norsk skatt for utanlandsk skatt på aksjeutbytte etter andre ledd i denne føresegna. Departementet foreslår å ta inn ei tilsvarende klargjering i skattelova § 16-30 som i § 16-20. Ein foreslår at endringane skal tre i kraft med verknad frå 1. januar 2009. Ein viser til forslag til endring i skattelova § 16-20 første ledd og til forslag til nytt åttande ledd i skattelova § 16-30.

8 Endring i dokumentavgiftslova

8.1 Dokumentavgiftsgrunnlag ved innløyning av festetomter etter tomtefesteinstruksen

Hovudregelen i dokumentavgiftslova er at dokumentavgifta skal reknast ut av salsverdien av fast eigedom, jf. dokumentavgiftslova § 7 fyrste ledd. Med «salsverdi» forstås den pris ein seljar vil kunne få for eigdommen ved sal på alminnelege forretningsmessige vilkår, mao. marknadsprisen. Unntak frå regelen om at salsverdien skal leggjast til grunn, følgjer av dokumentavgiftslova § 7 fjerde ledd. Unntaket inneber at dokumentavgifta skal reknast ut frå verdiar fastsett i samsvar med nærare nemnde lover. Det har vore vanleg å supplere bestemmelsen ved å vise til nye lover, seinast ved tilføyning av tomtefestelova ved lov 16. juni 2006 nr. 26.

Tomtefesteinstruksen vart fastsett ved kgl.res. 14. september 2007, og er heimla i § 5 i lov 7. juni 1996 nr. 33 om Opplysningsvesenets fond. Instruksen har sin bakgrunn i Plattform for regjeringssamarbeidet mellom Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2005-2009 (Soria Moria-erklæringa), og har til føremål å gi tomtefestarar som festar bustadtomt av staten eller statleg styrde fond, særleg gunstige vilkår ved innløyning og festeavgift. Instruksen inneber dermed at festarane vil

kunne krevje lågare innløyningssummar enn kva som elles vil fylgje av regla i tomtefestelova. Dokumentavgiftslova inneheld i dag ikkje reglar om avgiftsgrunnlaget der innløyningssummen er fastsett etter tomtefesteinstruksen.

Departementet har rekna det for føremålstenleg at innløyningssummen som følgjer av tomtefesteinstruksen også vert nytta som avgiftsgrunnlag for dokumentavgifta. Å nytte eit anna avgiftsgrunnlag enn det som følgjer av instruksen, vil vere krevjande og stride mot omsynet til eit enkelt og effektivt regelverk. Departementet har derfor med heimel i dokumentavgiftslova § 3 og inntil dokumentavgiftslova vert endra, gjort vedtak om at innløyningssummen som følgjer av tomtefesteinstruksen vert nytta som avgiftsgrunnlag for dokumentavgifta, med verknad frå 1. januar 2009 da instruksen tok til å gjelde. Departementet foreslår at vedtaket kodifiserast, ved at det vert vist til lov om Opplysningsvesenets fond i dokumentavgiftslova § 7 fjerde ledd.

Endringa vert rekna til å gi eit provenyrtap på om lag 30 mill. kroner dersom alle festetomtene løysast inn.

Departementet foreslår at lovendringa trer i kraft med verknad frå 1. juli 2009.

9 Oppheving av særlege regler om avrunding

Av omsyn til å gjere utrekninga av skatten enklare, var det tidlegare ei generell avrundingsordning til heile 100 eller 1000 kroner for beløp som blir fastsett som ledd i berekning av skatten. Etter utviklinga av omfattande maskinelle løysingar er det ikkje lenger behov for slike avrundingar. I samsvar med forskrift 05.08.1984 nr. 1259 til likningslova er hovudregelen no for lengst at alle fastsetjingar skjer med eksakt kronebeløp. Denne forskrifta gjeld når ikkje anna følgjer av særskilde reglar i skattelovgivinga.

Dei fleste reglane om avrunding til 100 eller 1000 kronar er derfor oppheva, men det står igjen to reglar om dette i skattelova. Det gjeld skattelova § 6-32 første ledd bokstav c, om minstefrådrag, og § 17-1 tredje ledd om skatteavgrensing for pensjonistar mv. Etter § 6-32 første ledd bokstav c skal grunnlaget for utrekning av minstefrådrag rundast ned til næraste 100 kroner. Etter § 17-1 tredje ledd

skal det berekna tillegget i alminneleg inntekt på grunn av formue rundast av til næraste heile 100 kroner.

Departementet foreslår å oppheve desse to særlege lovreglane. Dette vil gjere at alle beløp ved likninga handsamast likt etter forskrifta til likningslova. Reglane blir enklare, og det same gjeld praktiseringa. Endringane vil føre til marginale endringar for dei skattytarar som har vært omfatta av disse reglane. Samla provenytap er truleg om lag 4 mill. kronar. Ein visar til forslag til endringar i skattelova § 6-32 første ledd bokstav c til e og § 17-1 tredje ledd.

Departementet foreslår at endringane blir gjort med verknad frå og med inntektsåret 2009. Det vil seie at reglane første gang vil bli brukt generelt under likninga neste år for inntektsåret 2009, og i enkelte høve ved tidlegare førehandslikningar for 2009.

10 Frådrag for pengegåver til frivillige organisasjonar

Ein skattytar kan på nærmare vilkår innan visse beløpsgrenser få frådrag for pengegåve til frivillige organisasjonar, jf. skattelova § 6-50. Vilkåra for rett til frådrag er bl.a. at organisasjonen som mottek gåva har vedtekter som inneheld reglar om formålet med organisasjonen, samt at gåva skal disponerast for organisasjonen sitt formål ved ei eventuell oppløysing av organisasjonen. Organisasjonen skal ikkje ha erverv til formål og må ha sete her i landet i det år gåva blir gitt. Det er eit krav at organisasjonen som mottek gåva, driv minst ein av dei ålmenntilgjengelege aktivitetane som er rekna opp i skattelova

§ 6-50, bl.a. religiøs eller anna livssynsretta verksemd, verksemd til vern av menneskerettar eller utviklingshjelp, og katastrofehjelp og verksemd for å førebyggje ulukke og skade.

Det er ikkje ønskeleg at denne ordninga tilgodeser organisasjonar som aktivt støtter eller medverkar til visse handlingar som er eller kan være i strid med folkeretten, eventuelt i strid med liknande etiske normer. Finansdepartementet vil derfor, i samråd med Utenriksdepartementet, vurdere om det kan innførast ein mekanisme som kan luke ut slike organisasjonar frå ordninga i skattelova § 6-50.

11 Oppretting av feil og klargjering av lovtekst

11.1 Skattelova

11.1.1 § 5-2 tredje og fjerde ledd

Etter skattelova § 5-2 første ledd reknast fordel ved uttak av vare eller teneste frå skattytaren si verksemd eller selskap som skattepliktig inntekt for skattytaren.

Skattelova gjer ikkje unntak for uttak til naudhjelp, men etter flodbølgekatastrofen i Sørøst-Asia i desember 2004 vart skattelova endra ved at det vart teke inn ei føresegn i skattelova § 5-2 tredje ledd om unntak frå skatteplikt ved uttak av gåve til frivillig organisasjon i samband med katastrofen, jf. lov av 17. juni 2005 nr. 74. Ved lov av 9. desember 2005 nr. 116 vart eit tilsvarende unntak teke inn i skattelova § 5-2 fjerde ledd for gåver til friviljug organisasjon i samband med jordskjelvkatastrofen i Asia hausten 2005.

Unntaket i skattelova § 5-2 tredje ledd gjeld gåver i form av uttak gjort i perioden 26. desember 2004 til 31. desember 2005, medan unntaket i skattelova § 5-2 fjerde ledd gjeld uttak gjort i perioden 8. oktober 2005 til 31. desember same år.

Sidan føresegnene om unntak berre gjeld for uttak gjort i desse avgrensa periodane, er føresegnene ikkje lenger aktuelle. Departementet foreslår difor å oppheve føresegnene. Ein viser til forslag om oppheving av skattelova § 5-2 tredje og fjerde ledd. Departementet foreslår at opphevinga tek til å gjelde straks.

11.1.2 § 5-10 bokstav e

Skattelova § 5-10 bokstav e regulerer skattemessig handsaming av skadebot for ikkje-økonomisk skade ved usakleg oppseiing eller urettmessig avskjed. I føresegna er det ved ein inkurie vist til arbeidsmiljølova § 15-11. Riktig tilvising skal vere arbeidsmiljølova § 15-12 som har reglar om usakleg oppseiing. Ein viser til forslag om oppretting av skattelova § 5-10 bokstav e. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2009.

11.1.3 § 12-11 anna ledd bokstav b

Ved lov 10. desember 2004 nr. 77 blei skattelova § 8-1 fjerde ledd, som gjaldt rekneskapslikning for våningshus, oppheva med verknad frå 2005, jf. Ot.prp. nr. 1 (2004-2005) punkt 20.3.3. Samtidig blei § 8-1 femte til niande ledd endra til fjerde til åttande ledd ved at ledda rykte opp i rekkefølga. Jordbruksfrådrag, reindriffrådrag og skiferfrådrag er etter denne lovendringa omhandla i § 8-1 i respektive femte til sjuande ledd.

Skattelova § 12-11 anna ledd bokstav b, med tilvisingar til nemnde frådrag i § 8-1, blei ikkje retta opp samtidig og har derfor uriktig tilvising til sjetten til åttande ledd. Rett tilvising skal vere til femte til sjuande ledd for respektive jordbruks-, reindriffrådrag og skiferfrådrag. Departementet viser til forslag til endring i skattelova § 12-11 anna ledd bokstav b.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks.

11.1.4 § 14-41 flg.

Ved lov 12. desember 2008 nr. 99 blei det vedteke å endre avskrivingsreglane for faste, tekniske installasjonar i bygg, ved at disse blei skilt ut i ei eiga saldogruppe j med ein avskrivingsats på 10 prosent, jf. Ot. prp. nr. 1 (2008–2009) kapittel 13. Som følgje av denne lovendringa har det vist seg nødvendig å gjere enkelte redaksjonelle opprettingar i avskrivingsreglane i skattelova.

Skattelova § 14-41 fjerde ledd

I § 14-41 fjerde ledd blei det teke inn eit nytt tredje punktum som seier at driftsmiddel som inngår i saldogruppe j skal avskrivas under eitt for kvar bygning. Utan at det var intensjonen er gamle tredje punktum blitt nytt fjerde punktum etter lovendringa. Det mest naturlege er at den nye endringa utgjer fjerde og siste punktum i § 14-41 fjerde ledd, ettersom regelen om samlesaldo for gruppe j er å anse som ein særregel i høve til gamle tredje punktum. Departementet foreslår at dette blir retta opp ved at § 14-41 fjerde ledd tredje og fjerde punktum, byter plass.

Skattelova § 14-44 fjerde ledd

§ 14-44 fjerde ledd første punktum gjeld skattefritak på vilkår for gevinst på driftsmiddel som blir rekna som realisert ved brann, ulukke eller ekspropriasjon. Ved lov 8. desember 2008 nr. 99 blei paragrafen endra slik at også den nye saldogruppe j blei omfatta av disse reglane. Som følgje av at saldogruppe j utgjør ein samlesaldo for alle faste installasjonar i ein bygning, skal det ikkje utreknaast gevinst, men berre gjerast nedskrivning av erstatningsbeløpet på saldoen (eventuelt investering i ny teknisk installasjon). Det bør derfor presiserast at beløp som kan avsetjast skattefritt på vilkår ved ufrivillig realisasjon av driftsmiddel i saldogruppe j, er eventuell negativ saldo som oppstår ved nedskrivning med erstatninga/vederlaget på samlesaldoen for fast, teknisk installasjon i den aktuelle bygningen. Departementet foreslår på denne bakgrunnen at § 14-44 fjerde ledd første punktum blir endra slik at saldogruppe j ikkje omfattast av paragrafen, og at det tas inn eit nytt andre punktum som presiserer korleis erstatning/vederlag ved ufrivillig realisasjon av driftsmiddel i saldogruppe j skal handsamast. Noverande andre og tredje punktum blir da tredje og fjerde punktum.

Skattelova § 14-46, § 14-47 anna ledd og § 14-48 første ledd

Skattelova § 14-46, § 14-47 anna ledd og § 14-48 første ledd inneheld reglar om inntektsføring av negativ saldo for driftsmiddel som føres på samlesaldo. Disse reglane femner i dag saldogrupperne a, c og d. Etter at faste, tekniske installasjonar er skilt ut i ei eiga saldogruppe, som skal føres på samlesaldo, bør også denne gruppa bli omfatta av reglane. Departementet foreslår såleis at § 14-46 endrast slik at saldogruppe j blir teke med i opprekninga. Tilsvarande endring foreslås i skattelova § 14-47 anna ledd og § 14-48 første ledd.

Skattelova § 14-70 fjerde ledd

§ 14-70 fjerde ledd gjeld endring av likninga når vilkåra for skattefritak på vilkår ved ufrivillig realisasjon ikkje er oppfylt. Departementet foreslår at det blir teke inn ei tilvisning til eventuell negativ saldo i saldogruppe j. Som ei følgje av forslaget ovanfor om endring i § 14-44, foreslår departementet også at tilvisninga til § 14-44 fjerde ledd andre og tredje punktum blir endra til § 14-44 fjerde ledd tredje og fjerde punktum.

Iverksetjing

Det vises til forslag til endring av skattelova § 14-41 fjerde ledd, § 14-44 fjerde ledd, § 14-46, § 14-47 anna ledd, § 14-48 første ledd og § 14-70 fjerde ledd. Endringane foreslås å tre i kraft straks med verknad frå inntektsåret 2009.

11.2 Eigedomsskattelova § 28

Etter eigedomsskattelova § 28 kan eigedomsskatten setjast ned eller ettergjevast når særlege grunnar gjer at det blir sær sars urimeleg om heile skatten blir innkravd. Av § 28 andre ledd gjekk det tidlegare fram at formannskapet skulle gjere vedtak etter at skatteutvalet i kommunen hadde hatt høve til å seie meininga si. Denne føresegna blei oppheva med verknad frå 1. januar 2009.

Endringa blei gjort i samband med at ny skattebetalingslov blei vedteke. I Ot.prp. nr. 83 (2004-2005) står det på side 207:

«Som det fremgår i punkt 19.2.5.2 foreslår departementet at skatteutvalget ikke skal være vedtaksorgan i saker om nedsettelse etter skattebetalingsloven § 15 – 1. Dette innebærer at det ikke lengre vil være nedsatt et skatteutvalg i hver kommune slik som er tilfelle i dag etter skattebetalingsloven § 42. Departementet foreslår på denne bakgrunn å oppheve § 28 annet ledd. I praksis vil formannskapet da kunne treffe vedtak på bakgrunn av skatteoppkrevernes innstilling i saken.»

Under stortingsbehandlinga blei dette forslaget om skatteutvala endra. Talet på skatteutval blei knytt opp mot talet på likningskontor, slik at det skulle vere eit skatteutval for kvart likningskontor. Dette er seinare endra til at det skal vere eit skatteutval for kvart skattekontor.

Forslaget til oppheving av eigedomsskattelova § 28 andre ledd blei vedteke under stortingsbehandlinga. Etter denne opphevinga går det ikkje lenger fram av ordlyden at det er formannskapet som gjer vedtak i saker etter § 28. Det var ikkje tilsikta. Departementet foreslår at eigedomsskattelova § 28 blir endra slik at det igjen går fram av føresegna at det er formannskapet som gjer vedtak.

Departementet viser til forslag til endring i eigedomsskattelova § 28. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

11.3 Skattebetalingslova

11.3.1 § 1-1 andre ledd bokstav i

Skattebetalingslova § 1-1 første ledd slår fast kva lova gjeld. Bokstav i) i andre leddet i paragrafen definerer uttrykket «skatte- og avgiftskrav» slik at dette mellom anna gjeld «toll etter tolltariffen, herunder de innledende bestemmelsene, og tolloven.» Føresegna først i tolltariffen vart oppheva samstundes med opphevinga av tollova av 1966, av di lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tollova av 2007) tok til å gjelde 1. januar 2009 i staden. Det er derfor naudsynt å endre skattebetalingslova § 1-1 andre ledd bokstav i, slik at føresegna viser til den nye tollova. Forslaget inneber inga realitetsendring.

11.3.2 § 10-51 første ledd bokstav f

Skattebetalingslova § 10-51 første ledd bokstav f fastset forfallsfrist for ulike tilleggsskattar og tilleggsavgifter. Føresegna blei endra ved endringslov 12. desember 2008 nr. 100 ved at det blei tilførd ei tilvisning til folketrygdlova § 24-4 tredje ledd og ved at tilvisninga til særavgiftslova § 4 første ledd blei tatt ut. Endringa trådte i kraft straks, med verknad frå 1. januar 2009. Den same føresegna blei også endra ved lov 21. desember 2007 nr. 119, dette for at føresegna skulle vise til ny tollov. Denne endringa inneheldt ikkje tilvisninga til folketrygdlova § 24-4 tredje ledd. Heller ikkje tilvisninga til særavgiftslova § 4 var tatt ut. Endringa trådte i kraft 1. januar 2009 og er såleis gjeldande lovtekst. For å rette opp dette foreslår departementet å ta inn ei tilvisning til folketrygdlova § 24-4 tredje ledd i skattebetalingslova § 10-51 første ledd bokstav f, samstundes som at tilvisninga til særavgiftslova § 4 blir tatt ut. Departementet viser til forslag om endring av skattebetalingslova § 10-51 bokstav f.

11.3.3 § 11-4 femte ledd

Skattebetalingslova § 11-4 regulerer rentegodtgjersle ved utbetaling etter vedtak om endring mv. og eigenretting. Ved utbetaling av petroleumsskatt etter ny avrekning er det gitt særskild regel om renteperiode i forskrift 21. desember 2007 nr. 1766 til utfylling og gjennomføring mv. av skattebetalingsloven § 11-4-8. Tilsvarende regel for utrekning av rente ved auking av skatten etter endring mv. følgjer av skattebetalingslova § 11-2 fjerde ledd.

Regelen om rentegodtgjersle høyrer systematisk heime i skattebetalingslova og ikkje i forskrift til lova. Departementet foreslår at føresegna i for-

skrifta § 11-4-8 blir teken inn i skattebetalingslova § 11-4. Departementet viser til forslag til nytt femte ledd i skattebetalingslova § 11-4.

11.3.4 § 11-7 tredje ledd

Forskrift 21. desember 2007 nr. 1766 til utfylling og gjennomføring mv. av skattebetalingsloven § 19-2-3 regulerer spørsmål om renter ved endring av utskrive terminskatt. Dette er ein overgangsregel heimla i skattebetalingslova § 19-2. Forskrifta § 19-2-3 er ei vidareføring av § 3 første ledd første punktum i forskrift 5. september 1980 nr. 4 om utskrivning, betaling og avregning av terminskatt, som tidlegare var heimla i lovreglar som blei oppheva ved ikraftsetjing av skattebetalingslova. Det var meininga å vidareføre regelen i forskrift til skattebetalingslova kapittel 11, men dette blei ikkje gjort då det mangla klår heimel for slik regulering. Dette er årsaka til at regelen no er plassert i forskrift til skattebetalingslova kapittel 19. Departementet foreslår at regelen om renter ved endring av utskrive terminskatt blir teken inn i skattebetalingslova § 11-7, og at departementet kan gi nærmare reglar om renteutrekninga i forskrift. Slike nærmare reglar om renteutrekninga, til dømes rentesats, vil bli gitt i forskrift til skattebetalingslova kapittel 11. Departementet viser til forslag til nytt tredje ledd i skattebetalingslova § 11-7.

11.4 Tollova

11.4.1 § 12-12 fjerde og femte ledd

Den nye tollova frå 2007 har i § 12-11 og § 12-12 føresegner om endring av tollvedtak til gunst for tollskyldnaren. Føresegnene svarer til § 59 i den gamle tollova frå 1966, slik denne paragrafen lydde etter at den blei endra då skattebetalingslova blei vedteke i 2005. Det følgjer både av forarbeida til endringa i 2005 og forarbeida til den nye tollova, Ot.prp. nr. 83 (2004-2005) side 204-205 og Ot.prp. nr. 58 (2006-2007) side 100 første spalte, at tollskyldnaren skal ha den same tilgangen til å få tilbake for mykje fastsett toll som tidlegare.

Det følgjer av tollova § 12-12 fjerde ledd at krav om endring av vedtak til gunst for tollskyldnaren må setjast fram innan tre år etter tollfastsetjinga. Treårsfristen blir altså avbrote ved at tollskyldnaren fremjer krav om endring. Etter § 59 i den gamle tollova frå 1966, slik denne paragrafen lydde etter at den blei endra då skattebetalingslova blei vedteke i 2005, kunne også tollstyresmaktene avbryte fristen. Departementet foreslår derfor at føresegna i fjerde ledd blir endra slik at «spørsmål om endring [...] må

tas opp» innan tre år. Departementet legg til grunn at fristen då vil kunne avbrytast både av tollskyldnaren ved å fremje krav om endring, og av tollstyresmaktene ved at dei varslar tollskyldnaren om at dei startar ei endringssak. Departementet viser til forslag til endring av tollova § 12-12 fjerde ledd første punktum.

Det følgde av tollova 1966 § 59 annet ledd andre punktum at treårsfristen ikkje var til hinder for at tollstyresmaktene av rimelegheitsgrunnar også i andre saker kunne treffe vedtak om endring til gunst dersom det var fastsett for mykje toll på grunn av feil på tollstyresmaktene si side. Det er her tale om ein skjønsmessig åtgang for tollstyresmaktene til å fråvike treårsfristen dersom vilkåra er oppfylte. For å sikre at tollstyresmaktene skal ha ein slik endringskompetanse også etter av den nye tollova, foreslår departementet at ein tar inn ei tilsvarende føresegn i § 12-12 fjerde ledd. Departementet viser til forslag til nytt fjerde ledd andre punktum i tollova § 12-12.

Med heimel i tollova § 12-12 femte ledd kan departementet gi forskrift om endringsfristar, mellom anna om kompetanse for tollstyresmaktene til å treffe vedtak om endring til gunst der styresmaktene er skuld i den ukorrekte fastsetjinga. Som følgje av at ein no foreslår å ta inn i lova ei føresegn om utvida endringskompetanse ved feil på tollstyresmaktene si side, går departementet inn for å oppheve denne forskriftsheimelen. Nokon realitetsendring blir ikkje dette. Departementet viser til forslag om å oppheve tollova § 12-12 femte ledd.

11.4.2 § 14-4 første ledd

Tollova § 14-4 gjeld tenesteperson som har tollmyndigheit på vegne av ein annan stat. Ved ein inkurie har uttrykket «kontrollområder» i første ledd første punktum, vorte feilskrive som «kontroller». Uttrykket «kontrollområder» nyttast også andre stader i lovteksten, sjå til dømes § 14-3 andre ledd. Forslaget inneber inga realitetsendring.

11.5 Særavgiftslova § 7

Særavgiftslova § 7 slår fast at teieplikta etter § 8 i tollova av 1966 gjeld likt for tolletaten sitt arbeid med særavgifter. Tollova av 1966 vart oppheva da lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven) tok til å gjelde 1. januar 2009. Det er derfor naudsynt å endre særavgiftslova § 7, slik at føresegna viser til teiepliktregele i tollova § 12-1. Forslaget inneber inga realitetsendring.

Finansdepartementet

tilrår:

- At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
 - lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane
 - lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skatlegging av undersjøiske petroleumskomster m.v.
 - lov om endring i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift
 - lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
 - lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
 - lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
 - lov om endringar i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

- Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til
- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
 - lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane
 - lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumforekomster m.v.
 - lov om endring i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift
 - lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
 - lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
 - lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
 - lov om endringar i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)

i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter

I lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter gjer ein følgjande endring:

gjelder tilsvarende for tollmyndighetenes arbeid knyttet til denne lov.

I

II

§ 7 skal lyde:

Reglene om taushetsplikt mv. i tolloven § 12-1

Endringa under I tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane gjer ein følgjande endring:

urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast *av formannskapet*.

I

II

§ 28 skal lyde:

Gjer særlege grunnar at det kom til å verta sær

Endringa under I tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endringer i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.

I lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v. gjer ein følgjande endringar:

II
§ 9 blir oppheva.

I

§ 3 ny bokstav j skal lyde:
Det gis ikke fradrag for kostnader til å dekke et økonomisk ansvar etter petroleumsloven § 5-3 tredje ledd. Mottatt oppgjør etter petroleumsloven § 5-3 tredje ledd tas ikke til inntekt.

III
Endringa under I tek til å gjelde frå den tid departementet bestemmer.
Endringa under II tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endring i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift

I lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift gjer ein følgjande endring:

I

§ 7 fjerde ledd skal lyde:
Er eiendoms- eller bruksrett til fast eiendom overtatt med hjemmel i lov til pris som er fastsatt med hjemmel i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker, i lov 11. juni 1993 nr. 66 om

pristiltak, i lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste eller i lov 7. juni 1966 nr. 33 om Opplysningsvesenets fond skal avgiften beregnes etter denne pris. Er retten overtatt med hjemmel i lov til åsetepris, gjelder bestemmelsene i lov 19. juni 1964 om arveavgift § 14 fjerde ledd tilsvarende.

II

Endringa under I trer i kraft 1. juli 2009.

Forslag

til lov om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

I

§ 5-2 tredje og fjerde ledd blir oppheva.

§ 12-11 annet ledd bokstav b skal lyde:

særskilt fradrag for fiskere og fangstfolk etter § 6-60, særskilt fradrag for sjøfolk etter § 6-61, jordbruksfradrag fastsatt etter § 8-1 femte ledd, rein-driftsfradrag fastsatt etter § 8-1 sjette ledd og skiferfradrag fastsatt etter § 8-1 sjuende ledd.

II

§ 2-30 første ledd bokstav g ny nr. 6 skal lyde:

6. Eksportutvalget for fisk AS

III

§ 5-10 bokstav e skal lyde:

e. erstatning for ikke-økonomisk skade ved usaklig oppsigelse eller urettmessig avskjed, jf. arbeidsmiljøloven § 15-12 og § 15-14, så langt erstatningen overstiger $1\frac{1}{2}$ ganger folketrygdens grunnbeløp.

§ 6-32 første ledd bokstav c blir oppheva.

Noverande bokstav d til e blir bokstav c til d.

§ 6-32 første ledd bokstav d siste punktum skal lyde:

Bokstav c annet punktum gjelder tilsvarende.

§ 10-3 første ledd skal lyde:

(1) Konsernbidrag regnes som skattepliktig inntekt for mottakeren i samme inntektsår som det er fradragsberettiget for giveren. Den del av konsernbidraget som giveren ikke får fradrag for på grunn av reglene i § 10-2 annet ledd eller fordi det overstiger den ellers skattepliktige alminnelige inntekt, er ikke skattepliktig for mottakeren.

§ 14-41 fjerde ledd skal lyde:

(4) Driftsmidler som inngår i gruppe a, b, c og d avskrives under ett. Grupperingen foretas for hver av skattyterens næringer, jf. § 14-42 første ledd, og for hver kommune når samme næring drives i flere kommuner, jf. § 14-45 første ledd. I gruppene e, f, g, h og i føres hvert enkelt driftsmiddel på egen saldo. Driftsmidler som inngår i gruppe j skal avskrives under ett for hver bygning.

§ 14-44 fjerde ledd skal lyde:

(4) For gevinst på driftsmiddel i saldogruppe e til i realisert ved brann eller annen ulykke eller ved ekspropriasjon m.v. gjelder § 14-70 så langt den passer. *For driftsmidler i saldogruppe j gjelder reglene om betinget skattefritak så langt de passer for eventuell negativ saldo som oppstår som følge av nedskrivning av saldo for driftsmidlene.* Hvis skattyteren ikke oppfyller vilkårene for gjenanskaffelse, skal 20 prosent av gevinsten (*evt. negativ saldo i saldogruppe j*), eller en forholdsmessig del av den, skattlegges i det inntektsåret fristen løper ut. Den resterende gevinsten (*evt. negativ saldo i saldogruppe j*) skal i samme inntektsår føres på gevinst- og tapskontoen, jf. § 14-45.

§ 14-46 skal lyde:

For inntektsår hvor saldo i gruppe a, c, d og j, fastsatt i henhold til § 14-42, er negativ, skal en andel minst tilsvarende gruppens maksimale avskrivningssats inntektsføres.

§ 14-47 andre ledd skal lyde:

(2) Negativ saldo i gruppe a, c, d og j og gevinstsaldo på gevinst- og tapskonto som ved utløpet av inntektsåret, før årets inntektsføring, er mindre enn 15.000 kroner, skal i sin helhet inntektsføres dette året.

§ 14-48 første ledd første og andre punktum skal lyde:

(1) Ved skattyterens død skal negativ saldo i gruppe a, c, d og j, samt gevinstsaldo på gevinst- og tapskonto, føres til inntekt i dødsåret. Tilsvarende skal tapssaldo på gevinst- og tapskonto og positiv saldo i gruppe a, c, d og j hvor tilhørende driftsmidler er realisert, føres til fradrag.

§ 14-70 fjerde ledd andre punktum skal lyde:
For gevinst på driftsmiddel i saldogruppe e til h og negativ saldo i saldogruppe j gjelder § 14-44 fjerde ledd tredje og fjerde punktum.

§ 17-1 tredje ledd siste setning blir oppheva.

IV

§ 16-20 første ledd skal lyde:

- (1) Skattyter som nevnt i §§ 2-1 og 2-2 som her i riket må svare skatt av
- a. inntekt med kilde i fremmed stat, eller
 - b. formue i fremmed stat,

kan kreve fradrag i norsk skatt for endelig fastsatt inntektsskatt eller formuesskatt eller tilsvarende skatt som godtgjøres å være ilagt skattyteren og betalt i vedkommende fremmede stat hvor inntekten har kilde eller formuen er. I norsk skatt ilagt virksomhet som er skattepliktig etter petroleumsskatteoven §§ 3 og 5, kan det bare kreves fradrag for skatt ilagt og betalt i fremmed stat av inntekt som er skattepliktig i Norge etter de nevnte bestemmel-

sene. *Det gis ikke fradrag for skatt betalt i fremmed stat av inntekt som er skattepliktig etter § 2-38 sjette ledd.* Skattyter som etter skatteavtale skal anses som skattemessig bosatt eller hjemmehørende i fremmed stat, kan ikke kreve fradrag i norsk skatt etter bestemmelsene i denne paragraf.

§ 16-30 nytt åttende ledd skal lyde:

(8) *Det gis ikke fradrag etter andre ledd a for skatt betalt til annen stat av inntekt som er skattepliktig etter § 2-38 sjette ledd.*

Noverande niende og tiende ledd blir nye tiende og ellefte ledd.

V

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringa under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2006.

Endringane under III tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2009.

Endringane under IV tek til å gjelde straks med verknad frå 1. januar 2009.

Forslag

til lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven) gjer ein følgjande endringar:

I

§ 1-1 andre ledd bokstav i skal lyde:
Toll *omfattet* av tolloven.

§ 10-51 første ledd bokstav f skal lyde:

- f) tilleggsskatt etter ligningsloven § 10-2, tilleggsavgift etter folketrygdloven § 24-4 tredje ledd, lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift §§ 64 og 73, lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver § 44, lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter § 3, lov 19. juni 1959 nr. 2 om avgifter vedrørende motorkjøretøyer og båter § 3, og tilleggstoll etter tolloven § 16-10.

Ny § 11-4 femte ledd skal lyde:

(5) *Ved utbetaling av for mye betalt petroleumsskatt etter ny avregning, jf. § 7-2, skal det beregnes renter fra 1. januar i året etter inntektsåret frem til forfallstidspunktet i § 10-60.*

Ny § 11-7 tredje ledd skal lyde:

(3) *Departementet kan i forskrift fastsette regler om renter når det på grunn av endringer i utskrevet terminskatt eller innbetalinger etter lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforkomster m.v. § 7 nr. 4, er forskjell på innbetalingene av de tre første og de tre siste terminene.*

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endringer i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

I lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

I

X. Overgangsregler. Ved ikrafttredelse av endringene under V §§ 8-14, 8-15 og 8-17 gjelder følgende overgangsregler:

Tiende ledd skal lyde:

(10) Selskap som har gjenstående ubeskattet gevinst etter annet eller tredje ledd kan ikke yte lån til eller stille sikkerhet til fordel for skattytere utenfor ordningen med direkte eller indirekte eierinteresser i selskapet. Tilsvarende gjelder for lån til eller sikkerhetsstillelse til fordel for selskap som slik

skattyter har direkte eller indirekte eierinteresser i, eller til skattyterens nærstående. Som nærstående regnes skattyterens foreldre, ektefelle, ektefelles foreldre, barn, barnebarn, samboer eller samboers foreldre. *Første og annet punktum gjelder ikke sikkerhetsstillelse til fordel for selskap utenfor ordningen, når sikkerheten stilles overfor en finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt etter finansieringsvirksomhetsloven eller tilsvarende finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt i annen stat.*

II

Endringane under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2009.

Forslag

til lov om endringer i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)

I lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven) gjer ein følgjande endringar:

I

§ 12-12 fjerde ledd skal lyde:

(4) *Spørsmål* om endring til gunst må *tas opp* innen tre år etter fortollingen. *Tollmyndighetene kan likevel av rimelighetsgrunner treffe vedtak om endring til gunst også i andre tilfeller der det er beregnet for meget toll på grunn av feil som skyldes tollmyndighetene.*

§ 12-12 femte ledd blir oppheva.

§ 14-4 første ledd skal lyde:

(1) Tjenestepersonell som utøver annen stats tollmyndighet innen *kontrollområder* på norsk område, etter overenskomst med vedkommende stat, skal anses som offentlig tjenestepersonell etter straffeloven kapittel 12 og 34. Straffeloven kapittel 34 gjelder også for handlinger foretatt på annen stats territorium, overfor tjenestepersonell som utfører norsk tolltjeneste etter overenskomst med annen stat.

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.



Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen, Mai 2009